


# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



*Nytt team er på plass!  
Les meir på side 7*

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Ny gudstenesteordning  
Presten har ordet  
Nytt frå Skjergardsheimen

Side 2  
Side 5  
Side 6

# Ny gudstenesteordning med større valfridom

v/Olav Martin Vik



Det er bestemt sentralt at kyrkja skal ta i bruk ei ny ordning for gudstenesta. Ved inngangen til desember i år må det som ein har bestemt for seg lokalt vera på plass. Det er nemleg slik at soknerådet må ta nokre avgjerder fordi ein må velja lokale løysingar ut i frå ein mengde stoff. Soknerådet vårt har vore på kurs og må arbeida meir med den lokale ordninga.

## Hovudinnehaldet er m.a.:

- Kyrkjelydane får større fridom til å prega det lokale gudstenestelivet, noko som gir variasjon.
- Likevel viktig å ta vare på det kjende.
- Kyrkjelyden skal i større grad prega profilen på gudstenesta og fleire skal involverast i arbeidet med å førebu og gjennomføra gudstenesta.
- Større breidde for musikalske uttrykk i gudstenesta. Det vert opna opp for ulike musikkstilar i same gudsteneste.


## Soknerådet si rolle og prosessen lokalt

Arbeidet med å definera lokale ordningar for gudstenesta vert krevjande for soknerådet. Det er

mykje stoff å velja i, det vert viktig å finna ordningar som folk trivst med lokalt, at folk kjenner seg att og ikkje minst at det som er føremålet med gudstenesta kjem tydeleg fram.

Presten og kantor har ei viktig rolle i arbeidet med å finna ei god ordning lokalt.

På ettersommaren må soknerådet ha teke nokre avgjerder som også kyrkjelyden må ta stilling til før prosten og biskopen legg siste hand på verket.



## Du er velkommen til gudstenestene i Blomvåg og Hjelme kyrkjer

Gudstenestene søndag føremiddag har på ein måte alltid vore der, og me tek det som sjølv sagt at slik er det. Det er viktig å presisera at gudstenesta er til for deg og at Gud kallar oss saman til gudstenesta. Gudstenesta er ei felleskapshandling og me er saman for Guds andlet slik me er og med det me har å

fara med, på godt og vondt. Guds ord vert forkynt, menneske vert døypt og me kan imot nattverden. Gudstenesta er til for deg, for den du er og slik du er. Det er ingen krav til deg. Du er hjarteleg velkommen til gudstenestene i kyrkjene i Øygarden. Oversikt og gudsstenestene finn du lenger bak i bladet.

Frist for stoff til nr 5/12 er 15. okt.



# Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter, Hogne Berland og Anders Vik

Kontingent: Odd N. Thormodsæter, Hogne Berland og Anders Vik  
Min. kr 125,- innan kommunen

Min. kr 175,- utanom kommunen

Takkeannonsar: kr 100,-  
Kontnr. 3628.07.02557

Trykk: Bodoni  
Distribusjon i Øyg. Terje Sanden tlf.: 4561 3416

## Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong

Telefon: 5638 2240

Faks: 5638 2241

Vakttelefon prest: 5638 2244

E-post: kontor@kyrkja.net

Heimesider: www.kyrkja.net

Ekspedisjonstid: mandag – fredag: 0900 – 1500

## Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong  
E-post: kontor@kyrkja.net

## Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland  
E-post: pedagog@kyrkja.net  
Telefon: 9868 3424

Kantor: Anne Lise Grøm  
E-post: kantor@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest: Svenn Martinsen  
E-post: sokneprest@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2244/9506 7890

## Diakonimedarbeidar:

Bjørg Blom  
E-post: diakon@kyrkja.net  
Tlf. 4781 6181

Kyrkjeveje: Olav Martin Vik  
E-post: kyrkjeveje@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2243/9326 4400

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:  
Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:  
Janesh Amenyia 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022  
Hjelme kyrkje: 5638 8030

## Råda:

Øygarden sokneråd og

Øygarden kyrkjeloge fellesråd:

Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti  
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som for 5638 2244.

”

## Han tek ikkje glansen av livet

*Han tek ikkje glansen av livet, den  
frelsar som kallar på deg.*

*Først då kan for alvor du leva når  
han faå deg fylgja på veg.*

*Du høyrer dei därande røyster  
som lovar deg gullglim og glans.  
Men ingen legg lys over vegen som  
Jesus og kjærleiken hans.*

*Han hjelper i brattaste bakkar og  
stør deg når vegen vert smal.*

*Han signar dei sollyse sletter og  
lyser i dødskuggens dal.*

*Han fører deg frelst over fjorden,  
heilt fram til den himmelske  
strand.*

*Når døden sin brottsjø deg møter,  
vil Jesus dra båten i land.*

*Han tek ikkje glansen av livet, han  
gyller din morgen og kveld  
Og opnar ei dør til dei salar der  
æveleg høgtid du held.*

Desse versa er skrivne av Trygve Bjekrheim i 1950. Songen står i Sangboken på nr 168 og i Salmeboka på nr. 346 og er omsett til fleire språk. Som mange sikkert kjenner til har songen ein gripande bakgrunnshistorie. På internett kan du lesa denne historien og fleire detaljar om både songen og forfattern. Første gongen eg høyrd *Han tek ikkje glansen av livet* var truleg på Norea Radio, den tids misjonsradio på 50/60-talet. Sidan har songen fylgt meg gjennom livet.

Kva så med dei som vert forfølgt for di dei er kristne? Har deira liv ein glans? Menneskeleg sett verkar vel det nokså meiningslaust. Men i «Utsyn» fortel ein av dei som for mange år sidan vart ein kristen, då misjonen også kom til hans landsby, og som opplevde at dette ikkje vart godt motteke: «Livet med Jesus kan føra vanskar og kostnader med seg, likevel vil eg aldri venda tilbake til det gamle. Same kva som måtte henda vil eg alltid fylgja Meisteren, leggja av synda og fylgja han.» - *Fyrst då kan for alvor du leva, når Han får deg fylgja på veg* -



All erfaring tilseier at denne verda sin gullglim og glans falmar og forgår i hast. Me vert stadig minna om at livet er forgjengeleg. Me må derfor løfta blikket utanfor horisonten, og sjå på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar. La oss ta i mot Frelsaren. Han som er Livet, Sanninga og den einaste vegen til Himmelen.

Eg er visseleg ingen songar, men likevel tonar det i mitt sinn:  
*Han tek ikkje glansen av livet, Han gyller din morgen og kveld  
Og opnar ei dør til dei salar Der eveleg høgtid du held.*

Til neste ØyNytt utfordrar eg Ole Andreas Wastvedt i Vaskarhaugen på Vik, til å skriva om sin salme.

## Tilbod til liten og stor i Øygarden

### Øygardskoret

Syng alt frå kyrkjemusikk til viser. Øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje kl. 19.30-21.30.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (91881208)

### Barnekantoriet

2.-4. klasse øver kvar fredag på Alvheim skule frå 13.45-14.20. 5.-7. klasse øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje frå 13.15-14.00. Kontaktperson: Anne Lise Grøm (91881208)

### Gospel Teens

Gospelkor for deg mellom 10 og 18 år. Øver annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå 17.30-19.30. Kontaktperson: Olaug Rong (97194484)

### Ichtys

Ungdomsklubb på Vik bedehus for ungdom frå 8 klasse. Andakt, lovesong, kafé og underholdning. Annankvar lørdag i partalsveker frå kl. 20.30-23.00. Kontaktperson: Therese Dale (46450862)

### Plussklubben

Klubb for 5.-8. klasse for heile Øygarden. Samlast ein onsdag i månaden på Oen bedehus frå kl. 19.00-21.00. Lappar vert levert ut på skulane. Kontaktperson: Linn Andersen (99243379)

### KRIK

Idrett og andakt. Toftøy skule kvar fredag frå kl. 19.00-21.00. Kontaktperson: Martin Jonas Hellesund Nakken (92646561)

### Eldretreff på Tednebakkane

Ein torsdag i månaden i kantina på Tednebakkane frå kl. 16.30. Kontaktperson: Bjørg Blom (47816181)

### Eldretreff i Hjelme kyrkje

Ein onsdag i månaden i kyrkja frå kl. 16.45. Kontaktperson: Bjarne Skjold (48144284)

## BARNEVAKTEN MED FORELDREBOK

Barnevaktens bok «Gode råd om barn, ungdom og medier» er no på plass hos bokhandlarar. Boka inneheld informasjon om medieområda som born og ungdom møter.

– Dette er eit spanande bokprosjekt som vi har stor tru på, seier redaktør i Cappelen Damm om boka.

– Vi ynskjer å hjelpe foreldre med å lukkast på heimebane med tanke på å skape gode medieopplevelingar og fremje medvite bruk hos eigne born. Boka samlar den viktigaste informasjonen for foreldre på ein stad, og dermed får foreldre ei handbok og verktykasse vi trur vil vere til stor nytte og glede, fortel Øystein Samnøen, som er ansvarleg redaktør for bokutgivinga. Samnøen er leiar for Barnevaktens internasjonale arbeid KidsandMedia.

Samnøen meiner innhaldet i boka er veldig konkret og treff direkte inn i born og unge sin mediekvardag.

– Boka inneheld viktig informasjon om medieområda born og unge møter, og inneheld også konkrete råd og forslag til samtalepunkt mellom foreldre og born, seier han. Boka tek for seg følgjande hovudemne: internettmediet, mobilmediet, film og fjernsyn, spillmediet og digital mobbing. KPK

## INNKOMNE OFFER

### Hjelme

1/1	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2537,-
15/1	Bibelskulen Bildøy	kr. 3008,-
29/1	Sygna vid.skule	kr. 2959,-
12/2	Det Norske Bibelselskap	kr. 2194,50
26/2	Nordh. Indremisjon	kr. 4046,-
11/3	CHISC- KRIK i Afrika	kr. 3210,50
25/3	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3709,-
5/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1483,50
8/4	Normisjon	kr. 6553,50
19/4	Konfirmantarb	kr. 1817,-
22/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1970,-
6/5	LAGET	kr. 4700,-
17/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3442,-
28/5	Fjelltun misjonsskule	kr. 2096,-
3/6	Familie og Medier	kr. 2870,-

### Blomvåg

8/1	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1720,-
22/1	Nordh. Indremisjon	kr. 1850,-
5/2	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2021,-
19/2	Det Norske Bibelselskap	kr. 4915,50
4/3	Bildøy Bibelskole	kr. 2488,50
18/3	Familie og Medier	kr. 3719,50
1/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2541,-
9/4	Fjellhaug bibelskule	kr. 2222,50
15/4	Normisjon	kr. 4861,50
28/4	KRIK	kr. 3418,-
29/4	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2858,50
5/5	CHRISC- KRIK i Afrika	kr. 3479,50
13/5	Den Norske Israelsmisjon	kr. 2282,-
17/5	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3329,-
27/5	Åpne dører	kr. 3991,-

## OLA HOVDENS LEGAT

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgre utdanning.

Under elles like vilkår skal dei gå føre som tek sikte på høgre utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, med rekna slik som gjev praktisk utdanning» (sitat statuttane) Søknadsskjema kan du få ved å veda deg til Øygarden kommune v/ sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under «søknadsskjema» ([www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no))

Søknadsfrist er 31. oktober 2012 - styret -

## INRI - RONG BEDEHUS KL 16:30



Søndagsskule og søndagsring på samlingane

### Velkommen til samling

**SØNDAG 2. sept.** Familigefähring.

Andakt v/ Hogne Berland

**15.- 16. sept.** TX-Vikings-

helg: Lørdag kl. 20:00: Ungdomssamling

Søndag kl. 16:30: Søndagssamling

**Fredag 21. sept. Kl. 20:00 NIGHT OF WORSHIP v/**

Solveig Leithaug m band i KULTURHUSET

**SØNDAG 23. sept John Roger Nesje**

**Søndag 7. okt Audun Hjelvik**

**SØNDAG 21. okt Øystein Rong**

**SØNDAG 4. nov Ivar Fjeld**

**SØNDAG 18. nov Rune Ludvigsen**

**SØNDAG 2. des – Adventsfest Andakt v/ Asle Hetlebakke**

Kaffi, saft og kaker etter kvar samling ☺

## Bibeltimar Nautnes Bedehus

### Kl. 19:00. Kveldsmat og samtale etter møta

27. september v/ Svenn Martinsen

17.-21. okt Møteveke v/ Leiv Nesheim

15. nov v/ Leif Myntevik og Olav Vindenes

Torsdag 29. nov v/ Harry Wiig Andersen

Arr: Indremisjonen

## VIK BEDEHUS 75 ÅR!

Jubileet vert markert laurdag 8. september med møte og kulturveld kl. 18:00

Talar: Harry Wiig Andersen.

Tema: Kva betydning har bedehuset hatt for bygda?

Song, mat og lysbilete med orientering om bedehuset gjennom tidene.

Søndag 9. september kl. 11:00:

Storsamling. Tale v/ Karl Johan Hallaråker. Søndagsskule.

Alle er velkomne!

Foto: ONT



-din el-kontakt

**VESTGAR ELEKTRO**

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektr.no

[www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)

## Ut med Statskyrkja

21. mai 2012 vedtok Stortinget den største samla endringa av Grunnlova sidan 1814. Dagen vil nok også bli hugsa som ein merkedag i kyrkjesoga her til lands, men også i landet vårt si soge. Endringane inneber nemleg i prinsippet ei avvikling av statskyrkja, som vart innført med kong Christian III sitt statskupp 12.august 1536. Danskekongen stal då kyrkjegodset og tok den katolske kyrkja frå folket.

Vedtaket i vår tyder at Noreg ikkje lenger har ein offentleg statsreligion eller er ein religiøs stat. Og staten sitt verdigrunnlag er vorte nyformulert. Det er ikkje staten, men trussamfunna si oppgave å tru, og lovverket må spegle dette. Staten skal no ikkje lenger drive religiøs verksamhet, men setje alle trus- og livssynssamfunn likt.

Det juridiske grunnlaget for staten si styring av kyrkja er altså borte. Dette tyder at det no er kyrkja sjølv, og ikkje «Kongen i statsråd», som utnemner Den norske kyrkja sine leiarar, som biskopar og prostar. Kyrklege statsråd, som var organet der kyrkjemedlemene i regjeringa handsama kyrkjesaker, er borte, og kyrkjedepartementet som det framleis heiter, har no berre administrative oppgaver i høve til kyrkja.

Det politiske grunnlaget for denne endringa kom med stat-kyrkje-forliket mellom dei politiske partia på Stortinget i 2008.

Det har lenge vore eit sterkt ønskje frå dei øvste kyrklege organa at staten som kyrkjestyre skulle bli avvikla, slik at kyrkja kan ta fullt ansvar for eiga verksamhet. Dette er sjovsagt og i tråd med allmenne menneskerettar og internasjonale konvensjonar om religionsfridom.

At desse historiske endringane ikkje har fått noko særlig merksem, trur eg kanskje skuldast at dei førebels er viktigare prinsipielt enn praktisk. For vedtaket hindrar ikkje at arbeidet som presten,

kyrkjestaben og dei kyrklege ráda gjør, kan gå vidare. Kyrkja ønskjer å gjøre si teneste med Ord og Sakrament mellom sine lemer som før, og vil halde fram Evangeliet om Jesus Kristus som Frelsar og Herre i liv, død og all æve.

*Men samstundes må nokre viktige spørsmål stillast.*

*For det første: Det er ein lang og omfattande prosess som ligg bak endringane. Men kva for kyrkje har me eigentleg fått? Og kva for kyrkje ønskjer me i framtid? Den norske kyrkja som folkekirkje er framleis nemnd særskilt. Og at det er slutt på statskyrkja treng ikkje bli eit farvel til ei folkeleg kyrkje. Men kva dette er vil nok bli tema for mykje debatt. Veit dei som teiknar den «nye» Dnk kva Kyrkja-med stor K!- er?*

Presten og venen Arnfinn Andreas Haram som nyleg døydde (sjå eige minneord i dette nr. av Øynytt) heldt si siste preike bare nokre timer før han vart henta heim til Herren. Den må utan tvil karakterisert som profetisk. Arnfinn seier her:

*«Mange ting har skifta og gått opp og ned i kyrkja si lange historie, men dette har alltid vore ...senteret: Guds folk, eklesia..., samla for å høre den apostoliske forkynninga, vedkjenne trua, bere fram sine bøner og feire eukaristien. Kort sagt: Den heilage messa. Vil du sjå kor sterkt kyrkja og kristendomen står, skal du sjå korleis det står til med dette. Det er*

*når dette lever  
at kyrkja får ein  
verkeleg vekst,  
som det står  
vidare i det same  
avsnittet: Kvar  
dag la Herren til  
nye som let seg frelsa (Apg.2,47).»*



For det andre: I næringslivet er uttrykket «bunnlinja» velkjend. Rekningane kjem og lyt betala. Når det gjeld økonomien er det lagt opp til at Den norske kyrkja også i framtida vil ha samband med det offentlege, og at økonomien skal koma herifrå.

Men det er nok ikkje for pessimistisk å tenke seg at dei offentlege tilskota ikkje vil auka, heller verta mindre etterkvart, særleg dersom ein innfører ei kyrklege sentraliseringsreform som vil gjøre kyrkja, og særleg prestetenesta mindre synleg lokalt.

Om personleg gjevarteneste, «tiende» vart innført, kunne dette vera ei supplerande eller alternativ finansieringsform. Når alt kjem til alt er det nett den lokale prestetenesta som er kyrkja sitt «utstillingsvindauge». I Øygarden som i mange lokalsamfunn utover landet reknar folk den lokale presten som «sin» prest. Men folk vil ikkje ha, eller gje til ei kyrkje dei ikkje kan møte i glede og sorg-i nærmiljøet. Har kyrkleiinga skjønt dette når dei no teiknar den «nye» Dnk?

Men alt kan samlast i Fader Arnfinn si ånd: I sine siste ord ropar han ut at Kyrkja er Corpus Christi, Kristi Kropp i verda.

Eg vil vise til Kol.1,24 og flg.vers. Kyrkja er eit Mysterium. Ho er «**Kristus er mellom dykk, håpet om herleddomen!**» Dersom vi tek dette innover oss er det håp for «nye» Dnk.

sokneprest@kyrkja.net

### Minneord over Arnfinn Haram Av Svenn Martinsen

## «Ven frå det høge, du er min fred!»

Om ettermiddagen søndag 10. juni døydde presten Arnfinn Andreas Haram (63) av hjartearfakt på sykkeltur i Nordmarka. Tapet er stort for både Den romersk-katolske kyrkja, norsk kristenliv i det heile, og for oss som har rekna han som ven og god kollega i Den Heilage Tenesta. Mange i Øygarden Prestegjeld hugsar også godt Arnfinn frå tida han var prest hoss oss.

Arnfinn vart fødd 25. september 1948 i Ålesund. Han tok teologisk embetseksamen i 1978, og Practicum 1979 på MF. Etter teneste som Høgskolelektor på Diakonhjemmet og i Feltprestkorpset vart han 1981 vikarprest i Bjørgvin og kom då til oss før han vart utnemnd til sokneprest i Loddefjord 1982, seinare også Prost i Laksevåg Prosti. Han var medlem av Kollegiet i Bøne-og Arbeidsfellesskapen Kyrklege Fornying, og m.a. Styremedlem i Presteforeningen i Bergen, FBB Bjørgvin, Dagen, Bergen

Menighetspleiers fellesnemnd, og Kontaktnett for kyrklege samhald.

Arnfinn var medlem av den same Prestordenen (Pro Ecclesia) som eg er med i fra nystart i januar 1991 fram til 1998. Han var min forgjengjar (1993-1998) som Vegleiar i SKG Samråd på Kirkens Grunn.

7-9.november 1997 var m.a. Arnfinn, og eg saman på Biskop Bertil Gärtner Kyrkomøte i Linköping og Arnfinn fortalte meg då at han hadde vore i møte med «nokon i Oslo». Sidan han også sa: «Før eller seinare vert det tale om ein katolsk agenda», skjønte eg kven. Han gjekk ut av Dnk 26.mars 1998, og vart påskennatt same året teken opp i den Katolske Kyrkja. Etter klosterliv i Frankrike vart han i 2002 dominikanarmunk, i 2003 vigd til katolsk prest, og frå 2009 prior for dominikanarklosteret i Oslo.

Arnfinn gløymde aldri Øygarden. Han kunne seia: «Det er eigentleg ingen skil-



nad på Hellesøy Bedehus og Peterskyrkja i Rom!» Og han var med oss til det siste. Då Alexander døyde i mai, var han sterkt med i bøn for dei nærmeste og lokal-samfunnet.

Mange er dei glimt inn i Guds Rike han fekk bere fram. Dei vil leve i lang tid. M.a. var han ein særskild salmediktar. Ein salme (skriven etter Arnfinn si eige utsegn i bilkø på Danmarks plass i Bergen!) som er ein meditasjon over Jesusbarnet i krubba julenatt, sluttar slik: «*Djupaste mørker ligg over jord, alt fekk du prøva, Jesus, min bror. Gå ikkje frå meg, Herre, eg bed! Ven frå det høge, du er min fred!*» (Salmar 1997 nr.4)

RIP (Requiescat in Pacem, Kvil i Fred), Bror!

Fr. Svenn

# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

## Nytt fra Skjergardsheimen

Vi har allerede kommet godt i gang med et nytt og spennende år på Skjergardsheimen. Året startet med forhandlinger med Bergen kommune om sommerleirer for de neste årene. Vi var så heldig at vi kom i havn med en ny avtale som har en ramme på 12 millionar kroner. Avtalen gjelder for 6 år. Dette gir et godt grunnlag for den totale driften på Skjergardsheimen.

Nytt av året er og at Bergen indremisjon bruker Skjergardsheimen som «sitt» leirsted, noe som gjør at der er drift både påske og nyttår, i tillegg til at de har en rekke helgeleirer her. Vårsesongen på leirskolen er også unnagjort. Vi har hatt besøk av totalt 600 elever fra diverse skoler i Hordaland og Sogn og Fjordane. Stor fart, masse aktivitet, masse fisk og mye fint vær. Leirskole er blitt en betydelig del av driften på Skjergardsheimen.

Når dette skrives er vi i slutten av sommerleirene og det nærmer seg kurset Helse for livet med 63 deltakere som skal være en uke her hos oss. Når den uken er ferdig starter vi høstsesongen på leirskolen så der er nok å gjøre.

Der skal være leirer for de forskjellige klassetrinn fra skolene i Øygarden i regi av kirken i Øygarden. Her har det vært økende oppslutning og fullbooket de siste årene så vi gleder oss til det.

### Der ble avholdt årsmøte i april og da ble følgende styre valgt:

Audun Sæle, leder

Geir Dale, nestleder

Olaug Landro Hatten

Anita Dåvøy

Råmund Skjold

### Varamedlemmer:

Ove Dåvøy

Henning Sandøy

Kari Rong



# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

## Nytt team i Øygarden

Ny haust i Øygarden betyr nytt team. Ingrid Blom og Silje Vik, begge frå Øygarden, gler seg til eit spennande og utfordrande år! Vi tok ein prat med dei to før dei skal i gang med arbeidsoppgåvane.

Tekst: Hogne Berland

Foto: Ann-Elin Dyrøy

Det neste året skal Ingrid og Silje jobba som barne- og ungdomsarbeidarar i kommunen. Er du mellom 0 og 16 år er sjansen ganske stor for at du vil sjå desse i kyrkja, på eit bedehus, på skulen eller i barnehagen. Og er du eldre, vil du sikkert treffen på dei då og!

Både Ingrid og Silje har gått på Sygna vgs i Balestrand. Deretter reiste dei saman til Normisjon sin bibelskule i Grimstad der dei var studentar sist skuleår. «Vi har vore gode venninner sidan ungdomsskulen», seier Ingrid. Vi spør om dei trur det vert vanskeleg å jobba så tett i lag eit heilt år. «Nei, vi kjenner kvarandre så godt, både dei sterke og svake sidene», seier Silje. «Eg er for eksempel ikkje så strukturert og ryddig, men der er Ingrid veldig god.» Ingrid ler og tilstår at ho nok kanskje er litt meir ordensmenneske enn Silje. «Men Silje er nok litt meir kreativ. Så lenge ein er bevisst på forskjellane så skal det nok gå veldig bra å jobba i team. Og så er vi ganske flinke til å snakka om slike ting», legg ho til.

«Kva gler de dykk mest til dette året?» spør vi, og får til svar at det må vera å bli kjent med borna og ungdommane. «Og kanskje spesielt konfirmantane, for dei skal vi jo bruke mykje tid i lag med. Vi har veldig lyst å fortelje borna og ungdommane om Jesus og vil at dei skal få oppleve det same som vi har fått oppleve.»

Begge understrekar at dei er veldig gira og klar for dette året, sjølv om dei veit at dei kjem til å verta utfordra på ting dei ikkje har gjort før. «Vi vert veldig glade dersom folk har lyst til å be for oss og det arbeidet vi skal gjera!» seier dei til slutt.

*Vi ønskjer lukke til og Guds signing over det nye teamet!*



## God stemning på bibelgruppe

Ei av ungdomsbibelgruppene i Øygarden. Denne gjengen samlast annankvar fredag for å ha det sosialt og verta betre kjent med Jesus! Frå venstre: Samuel Dåvøy, Bjarte Sæle, Andreas Vik, David Nordvik, Kristoffer Nordvik, Markus Øyen og Endre Dåvøy.



## Vil snakke meir om ungdom og alkohol

Unge som er aktive i kristne organisasjonar drirk meir enn før, men klart mindre enn sine jamaldrande. Kristne ungdomsleiarar meiner undersøkinga gir grunn til ettertanke.

I mai vart undersøkinga «Fra vann til vin?», om bruk av rusmiddelet blant aktive i kristne ungdomsmiljø, lagt fram på eit seminar i Kirkens Hus i Oslo. Undersøkinga, som er gjennomført av KIFO (Stiftelsen Kirkeforskning) på oppdrag frå Blå Kors, viser at kristne ungdommar si haldning til alkohol er blitt meir liberal. Men undersøkinga viser samstundes at ungdommar som er aktive i kristne ungdomsmiljø gjennomgående er klart meir restriktive til bruk av alkohol enn det deira jamaldrande er.

### Grunn til ettertanke

Eit klart mindretal (18 prosent) av kristne ungdommar drirk alkohol «hyppig», det vil seie fleire gonger i månaden. Medan kring 20 prosent seier at dei har vore fulle. Desse tala ligg langt under det som vert registrert i generelle ungdomsundersøkingar. Likevel gir undersøkinga grunn til ettertanke, meiner forfattarane Pål Ketil Botvar og Sivert Skålvoll Urstad. Dei peiker på at synet på alkohol varierer mykje i kvar organisasjon, og at tema som det er ulike meininger om, ofte blir eit «tabu» i organisasjonen.

– Sjølv om resultata av undersøkinga kan roe dei som frykta at forbruket blant aktive kristne var på line med gjennomsnittet, er det nok av funn som kan danne utgangspunkt for vidare drøfting med tanke på førebyggingstiltak, heiter det i oppsummeringa av undersøkinga. KPK

## ELDRETUREN TIL TYSNES I JUNI

På Tysnes er det ein gard som heiter Håheim Gard. Den er omgjort frå å vera eit gardsbruk til no å vera ein fin serveringsstad med ein spesiell stil både innomhus og ute i hagen. Me har sett omtale i aviser og høyrt frå kjentfolk at dette var ein bra stad å vitja, og dit ville me dra.

Ref. Else Austbø/ Bjørg Blom

Foto: Svenn MartinSEN

Bussen var fullteikna. I tillegg måtte me bruka ein privatbil. Bjarne Skjold hadde ord for dagen og minna oss om kor viktig slike sosiale samvær er for oss alle. På bussen hadde me allsong, og Else Austbø kom med visdomsord fra Ivar Aasen. Andre morosame historiar fekk me og, bl.a ved Kjell Døskeland.

I ventetida på ferja fekk alle bollar og kaffi som komiteen hadde med.

Vi var først i Onarheim kyrkje på austsida av Tysnes. Her hadde me eigen guide som fortalte om den tradisjonsrike kyrkja med røter tilbake til middelalderen. Kyrkja hadde vore knytt til adelskapet i Sunnhordland og kunne visa fram mange gamle skattar i glasmonter. Det var biblar, andaktsbøker, døypefont og ulike messekaklar. Det var ei stor og vakker trekyrkje.

Svenn hadde andakt for oss, og buss-sjåføren Arnfinn Nordheim song for oss. Ei minnerik stund.

Haaheim Gard var hovudmålet vårt. Her vart me møtt av ein velkomsslått på neverlur. Torstein Hatlevik, eigaren, hadde sans for det ekte og enkle. Garden er utvida med fleire hus og det var engelsk landsbygdstil både ute og inne. Me fekk ein flott middag og det smakte fortrefleleg. Torstein spelte piano og song for oss. Det vart ei minnerik stund utanom det vanlege.

Etter måltidet kunne me gå omkring i haugen.

Ein flott tur i eit strålande forsommarvær.



## ELDRETREFF HAUSTEN 2012

### Hjelme. I Hjelme kyrkje

19. sept

17. okt

21. nov

12. des - førjulsfest

### Blomvåg. På Tednebakkane

20. sept

18. okt

22. nov

13. des- førjulsfest

## NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

### Ny gravplass i Hjelme

Kommunestyret i Øygarden har i junimøtet godkjent planane for opparbeiding av ny gravplass i Hjelme. Kommunestyret var delt i synet på ei stegvise utbygging eller ei full utbygging utan stogg. Eit fleirtal gjorde vedtak om stegvise utbygging. Utbygging av den nye gravplassen er så langt ikkje finansiert og ein kjenner ikkje den eksakte kostnaden. Gravplassen vil nok kosta nokre 10-tals millionar ferdig utbygd. Kommunestyret må finansiera gravplassen i framtidige budsjettvedtak. Kyrkjeverja. meiner at den nye gravplassen må vera ferdig ved årsskiftet 2013/2014. Det må no arbeidast vidare med detaljplanlegging, uttalar frå kyrkja sine organ og anbodsrunnar. Ved eit seinare høve vert planane presentert i ØyNytt.

### Mur langs eksisterande gravplass i Hjelme

På grunn av planlagt framtidig vegutviding langs gravplassen i Hjelme må det byggjast ein mur langs med gravplassen. Formannskapet i Øygarden har no godkjent finansiering og bygging av muren. Den har ein kostnad på vel 700.000,00 kr. Før muren er bygd får ein ikkje fullt ut nytta det siste feltet på Hjelme gravplass. Feltet er teken i bruk.

### Framtidig gravplass i Blomvåg

Kyrkjeverja her bedt at Øygarden kommune innarbeidar eit område for ny gravplass i Blomvåg sokn, i kommuneplanen som no er i arbeid. Kommunen arbeider no med å finna eigna område. Kyrkjeverja meiner at det vil gå 8-10 år frå ein finn eit område til det er opparbeida som ferdig gravplass. Det er enno god kapasitet på eksisterande gravplass (nye).

### Flinke ungdomar i sommarjobb

Om sommaren er det mykje slått og tilsyn elles på gravplassane, samt anna sesongarbeid og ordinært arbeid som t.d. gravferder. Me er så heldige at me har hatt med oss flotte ungdommar som har gjort ein god jobb denne sommaren. Det er Christopher Amenza og Jan Henrik Lyngøy Rong. Dei har også erfaring frå tidlegare år.

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

**Tlf. 92 54 45 69**



Åsane Begravelsesbyrå AS  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer  
Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

*Vår erfaring - din trygghet*



Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumbokser og -briller  
**B·P·S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258



**BODONI**

Trykker Ønytt

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjennet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)



# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten

Fristende frukt og grønt

Innholdsrik betjent ostedisk

Nydelige nystekte bakervarer

Velsmakende varm mat

Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20



**EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



- Snitter
- Koldtbord
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtallerken

**Rong Catering a/s**

Tlf.: 56 38 74 54

Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA

**Blomsterbua**

Rong Senter

Telefon: 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

**trend  
frisør** RONG SENTER  
Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og uteleie av brakker



Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



**Torsvik  
ELEKTRO**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud &  
kroppsspleie skifter  
navn til

**LT hudpleie**

Og har flyttet til  
Ågotnes helsehus.  
Følg oss på facebook.

Velkommen til nye lokaler!  
Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM  
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen  
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media\* Vestbok  
Vetrldsalmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)

## TIL LUKKE!



### 70 år

- 7. sept. Knut Arnulf Hansen, Knappestigen
- 21. sept. Øyvind Askeland, Medarseta
- 21. sept. Engjel Vaage, Knappevegen
- 26. sept. Anton Agnar Rong, Nygardsvegen
- 13. okt. Steinar Kurt Hennø, Høghøyen
- 21. okt. Ingebjørg Liv Dåvøy, Harkestadvegen
- 21. okt. Kari Ingrid Døskeland, Gjerdhøyen

### 75 år

- 11. okt. Hans Andreas Blom, Nygardsvegen

### 80 år

- 2. sept. Adolf Malvin Knarvik, Knarvikvegen
- 16. sept. Magnar Breivik, Klubben
- 30. sept. Astrid Rasmussen Torsvik, Kvernneset

### 85 år

- 3. sept. Jenny Ingvaldsen, Alvheimsvegen
- 3. sept. Øydis Toft, Vestrevegen
- 14. sept. Magnus Torsvik, Knappebrekka
- 1. okt. Ingrid Haugetun, Nygardsvegen
- 15. okt. Gunvor Hansen, Stormyrvegen
- 25. okt. Bjarne Hjalmar Sæle, Sælevagen

### 90 år

- 2. okt. Julia Lovise Sæle, Sæloyvegen

### 105 år

- 10. aug. Brynjulf Torsvik, Tjødnarvegen

## DØYPTE

### Blomvåg

- Mattias Skibenes Turøy, Torsvikvegen (Landro kyrkje)
- Hanna Wastvedt, Vasskarbrekka (Vik bedehus)
- Adrian Hernar Hop, Bergen
- Håkon Fjeldsaunet Sæle, Austemarka
- Nora Båtevik Rødberg, Rossnesvegen

### Hjelme

- Amandus Fjeldstad, Grønhaugvegen
- Celine Laurejas Heggøy, Skjoldingsneset
- Nora Nordvik Oliversen, Nordvik
- Erica Alvheim Wågenes, Austemarka
- Stella Marie Hellesund Wågenes, Skjoldingsneset
- Emilie Hammersland, Hildalshaugen
- Magnus Solheim, Markja

## DØDE

### Blomvåg

- Johnny Husebø, Blom f. 1976
- Ole Arthur A. Antonsen Torsvik, Bergen f. 1924
- Aslaug Anny Monsen, Ternholmvegen f. 1922
- Brit Johanne Rong, Kvalen f. 1947
- Arve Dale, Blomvåg f. 1972
- Astrid Olivia Sæle, Bergen f. 1917

### Hjelme

- Agnes Konstanse Jensen, Bergen f. 1916
- Astrid Monsine Heggøy, Botnen f. 1918
- Paul Karstein Bakken, Sælevagen f. 1946
- Bjarne Harkestad, Tjødnarvegen f. 1924
- Borghild Dåvøy, Tjødnarvegen f. 1922
- Mons Henry Knappen, Hellesøy f. 1928
- Einar Bernhard Hernar, Tjødnarvegen f. 1933

## GUDSTENESTER

### 02.sept. Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Tale v/ Japan-misjonær frå NLM. Dåp. Nattverd.

### 09.sept. Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/ Egil Hjortland. Dåp. Nattverd.

### 16.sept. Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmantpresentasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen.

### 23.sept. Hjelme kyrkje kl. 11:00

Konfirmantpresentasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen.

### 30.sept. Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Sprell Levande Gudsteneste v/ Svenn Martinsen og Nils Arne Lavik. Søndags-skulensdag og utdeling til 5.klassingar. Dåp.

### 07.okt. Hjelme kyrkje kl.11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Taler frå NLA. Nattverd.

### 14.okt. Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ E. Hjortland.

### 21.okt. Hjelme kyrkje kl. 11:00

Sprell Levande gudsteneste v/ Egil Hjortland og Nils Arne Lavik. Utdeling av biblar til 5.klasse.

### 28.okt. Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Bots-og bededagsgudsteneste v/ Svenn Martinsen.

## TAKK

**Styret i Hellesøy bedehus** vil rette ei stor takk til alle som bakte kake for salg på Bokkaféen på bedehuset på Hellesøydagen 11.aug! Det kom inn ca. 7.000 kr

## VIGDE

### Blomvåg

- Lise Yvonne Knappen og Christer-Andre Kleppstø
- Jorun Kårbo Landaas og Svein Leonard Kanstad
- Mette-Linda Flåten og Dwayne Lawrence Moorehead
- Tonje Sanden Berstrøm og Stian Sigurd Gjelsvik
- Stine Oen og Brede Tjønneland
- Silje og Torgeir Fjeldstad Nerbøvik

## Konsert i Hjelme gamle kyrkje Søndag 30. sept. Kl. 19:00

Du får høyrá Øygardskoret og Håkon Høgmo på fiolin.  
Velkommen til alle song- og musikkinteresserte!

## Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Tom  
Wilson



Heine  
Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no



**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Velkommen til Night of Worship

Fredag 21. september kl. 20:00 i Kulturhuset

Lovsong v/Solveig Leithaug med band

Andakt - Nattverd - Nattcafè

Arr:INRI



Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG

B posten Øy Nytt  
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE  
NOREG P.P. PORTO BETALT

KONFIRMANTJUBILEUM 2012:

Her er 50års konfirmantar som møtte til jubileum i Blomvåg 19. august



(Ikke i rekkefølge)

Magnar Martin Alvheim, Otto Magnar Heggøy, Arvid Bjarne Dåvøy, Edvard Fjeldstad Solbakk, Tor Ragnar Fjeldstad, Jon Gerhard Fjeldstad, Karstein Alan Fjeldstad, Håkon Karl Herdlevær, Hallvard Martin Flåten, Håkon Martin Torsvik, Svein Jarle Johnsen, Sigurd Konrad Vik, Bjørn Paul Torsvik, Sonja Gjesholm Knappen, Inger Fjeldstad Forstrønen, Aud Harkestad Svellingen, Svanhild Johanne Oen Torsvik, Lillian Kristin Rossnes Angeltveit, Helga Gunhild Hagenes Eide, Marit Karense Indrøy Storebø, Helga Anne-Elise Thuestad Fjell, Anna Rigmor Turøy Myrhaug.

*Jubileet i Hjelme vil vi koma attende til i neste nummer av ØyNytt*